



Sunnfjord
kommune




Ytre Hafstad barnehage

Barnehageportrett



Historiske barnetal frå 2008 – 2023



Kapasitetsutnytting

| Faktorar | 15.12.2023 | 30.06.2024 | 2024/2025 |
|--------------------------------------|------------|------------|-----------|
| Barn under 3 år | 19 | 19 | 16 |
| Barn over 3 år | 34 | 33 | 37 |
| Godkjent leike- og opphaldsareal kvm | 443,0 | 443,0 | 443,0 |
| Arealutnytting kvm | 267,0 | 262,5 | 262,5 |
| Kapasitet arealplassar | 98,4 | 98,4 | 98,4 |
| Arealplassar i bruk | 59,3 | 58,3 | 58,3 |
| Ledige arealplassar | 39,1 | 40,1 | 40,1 |

Bemanning i årsverk

Bemanning etter teneste 201

| Faktorar | 2023/2024 | 2024/2025 |
|----------------------|-----------|-----------|
| Styrrar | 1,0 | 1,0 |
| Assisterande styrrar | 0,5 | 0,5 |
| Pedagogisk leiar | 6,0 | 4,5 |
| Barnehagelærar | 1,0 | 1,9 |
| Fagarbeidar | 0,0 | 1,0 |
| Assistent | 5,0 | 7,1 |
| Lærling | 0,0 | 0,0 |
| Snittalder | | 42,3 |

Grunnbemanning

| Bemanningsnorm | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---------------------|------|------|------|------|
| Tal barn per vaksen | 6,0 | 5,6 | 5,2 | 6,0 |

Pedagognorm

| Pedagognorm | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|----------------------|------|------|------|------|
| Tal barn per pedagog | 12,2 | 11,7 | 12,0 | 12,0 |

Økonomi

| Økonomi | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---------------------------|-----------|-----------|-----------|------------|
| Rekneskap | 8 238 299 | 8 319 435 | 8 358 458 | 10 441 591 |
| Budsjett | 7 989 559 | 8 696 142 | 8 412 716 | 9 878 692 |
| Kostnad per heiltidsplass | 144 532 | 151 262 | 145 364 | 197 011 |

Tilbod og utvikling i sektoren

| | |
|-------------------------------------|--|
| Skule | Flatene skule og Halbrend skule. |
| Tilknytning til andre tenestetilbod | Har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum. |
| Bustad og næring | Ytre Hafstad er ein sentrumsbarnehage, og det er utvikling både innanfor bustad og næringslivet i Førde. |

Bygningsmasse

| | |
|----------------------------------|-----------|
| Byggeår | 2010 |
| Areal | 680 kvm |
| Godkjent leike- og opphaldsareal | 443 kvm |
| Uteareal | 2 108 kvm |

Andre forhold

| | |
|---------------------------------|--------|
| Avstand til Førde sentrum | 1,2 km |
| Avstand til Halbrend barnehage | 2 km |
| Avstand til Nærleiken barnehage | 2,5 km |

Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Systematisk arbeid i personalgruppa med opplæring, utviklingsarbeid over tid og vedlikehald av kunnskap
- Personale med god kunnskap om å skape eit inkluderande og godt barnehagemiljø
- Primærkontakt gjennom heile barnehagetida: vi ser einskildbarnet og det sitt behov
- Barna, omsorg og tryggleik blir prioritert først når vi må ta naudsynte val
- Verdigrunnlag, utarbeidd i fellesskap, formidla til alle nyttilsette og foreldre, og arbeidd med i personalgruppa med jamne mellomrom

Forbetringsområder

- Personalressurs som gjer det mogeleg å følgje bemanningsnorm når pedagogane har planleggingstid
- Auka grunnbemanning som kan gje betre rammer for å utføre arbeidet
- Meir fokus på, og tid til observasjon og vurderingsarbeid

- Heve kompetansen til assistentane ved at fleire utdannar seg til fagarbeidarar
- Meir ressursar til utstyr

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- God plass og fleire rom per avdeling, gode høve til å fordele barna i mindre grupper
- Nær skulen, gode tilhøve til å bli trygg i skulemiljøet før skulestart
- Kort veg til leikeplassar i nærmiljøet, samt til skog og natur
- Kort veg til kulturtilbod i sentrum
- Rom med gode høve til fellesarrangement, personalmøte og foreldremøte

Forbetringsområder

- Betre regulering av temperatur i fleire rom: utbetring av anlegg for ventilasjon og oppvarming
- Montere vindauge i glasvegg slik at det er høve til å lufte ut på førskuleavdelinga
- Betre digitalt utstyr
- Leikeapparat som gjev meir utfordringar, særleg for dei minste barna

Barnehagen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen og skulen er hjartet i nærmiljøet. Småbarnsfamiliar nyttar barnehagen og skuleplassen som leikeplass og samlingsstad om ettermiddagane, og i helgar. Ein arena for å bli kjende med andre
- Kort avstand mellom barnehage og skule. Foreldre som har barn på skule/SFO og i barnehage, kan bringe og hente med kort avstand og lite tidsbruk. Ein enkel kvardag er for mange avgjerande for å velje å bu i Sunnfjord kommune
- Mange foreldre sykklar eller går til barnehagen fordi det er kort veg å levere, og sykklar/går vidare til arbeid i sentrum

Forbetringsområder

- Ynskjer å få til eit samarbeid med grendelaget om å opparbeide ein naturleikeplass som både barnehagen og nærmiljøet kan bruke
- Mange fleirkulturelle vel å flytte bort frå kommunen etter ei tid her. Med dette mister kommunen innbyggjarar og potensiell framtidig arbeidskraft. Både det offentlege, private og som privatpersonar bør vi gjere ein større innsats for å skape ein meir inkluderande kommune å bu i

Andre innspel

- Sjå samanhengen mellom kostnaden det er å gje barnehageplass til dei yngste barna utan rett til barnehage, og å vere ein attraktiv kommune der familiar får barnehageplass når forelde ynskjer å gå tilbake til jobb. Vil Sunnfjord kommune vere ein kommune der det er lett å få barnehageplass, må kommunen godta den kostnaden dette inneber.

- Ynskjer vi busetnad i heile kommunen må vi ha barnehage og skule innan rimeleg avstand, og vi må godta kostnadane med å ha tilboda
- Gode barnehagar og skular er ein faktor som kan føre til at fleire flyttar tilbake til Sunnfjord når dei etablerer familie

Prosjektgruppa si oppsummering

No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage¹ for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Ytre Hafstad barnehage følger både bemanningsnorma og pedagognorma. Det er noko overtalligheit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen blei etablert i 2010, det er ikkje gjort større oppgraderingar sidan bygget blei etablert. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn manglar barnehagen nokre fasilitetar for tilsette, mellom anna møterom og optimale kontorplassar for tilsette. Arealet til barn er i stor grad gode, men dei manglar mellom anna allrom og nok optimale grupperom. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelæruddanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det igjen føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkarar og alder på barna.

¹ [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området, eller er villige til å bruke tid på å bringe/hente dersom barnehagen ligg langt frå heim eller arbeidsplass. I tillegg treng vi at foreldre søker plass i barnehagen.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).